

Nei til lakseoppdrett i Brandal

Planane frå Salmar Organic AS om lakseoppdrett i Brandal vil gå sterkt ut over grunneigarinteressene, fiskeinteressene og ålmenta sin bruk av eit stort område midt i Brandal og er heilt uakseptable.

Det er tale om eit særst stort oppdrettsanlegg på rundt 145.000 kvm , 20 einingar, med tauverk, kjettingar og ankerfeste, der deler av dette er planlagt i eit område som i dag er regulert for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske, det vil seie at det allereie er gjort ei kommunal vurdering som favoriserer grunneigarane og ålmenta.

Planane om dette svære oppdrettsanlegget midt i Brandal reiser ikkje uventa samstemt motstand i bygda. Ikkje fordi folk har noko mot oppdrettsnæringa, det er plasseringa midt i bygda som får folk til å setje foten ned.

Dette poenget skal eg utdjupe med eit kort attersyn:

For nokre år sidan - i 2005 - kom der på bordet planar om matfiskoppdrett i Hareid sentrum, utafor Korsneset på Ytre Hareid. Folk med eigeidom i området – naust, sjøbuder og hus - aksjonerte og fekk stoppa planane fordi dei innebar tap av hevdvunne fiskerettar, redusert nytte av privat sjøeigeidom, dårlegare tilkomst til naust og sjøbuder frå sjøsida og nedsett livskvalitet for alle i området.

Ein av dei som rettmessig protesterte den gongen, var noverande ordførar i Hareid, Anders Riise som eig ei sjøbud på Korsneset, Olebuda.

Lærdommen er at det går an å vere positiv til oppdrettsnæringa, samstundes som ein protesterer mot å få laksemerdene opp i naustdørene.

Ein av dei store fordelane ved å bu på ei øy med lang strandline, er at folk flest kan fiske, både frå sjø og land. Den store floten av småbåtar viser at svært mange nyttar sjøen til matauk til seg sjølv, eller til andre som vil ha seg eit måltid.

Mange som arbeider i oljeindustrien nyttar friperiodane til fiske og båtliv som rekreasjon. Og vi har alle pensjonistane som mest dagleg er å finne i fiskebåten. Dette gir trivsel og glede.

No er mange av dei gode fiskeplassane i Brandal i fare. Om planane blir gjennomførte, blir den to km lange strekninga frå Brandal sentrum til Kvitneset sperra for alt fiske. Dette er eit av dei beste fiskeområda vi har i kommunen.

Denne strandsona kan ikkje overlatast til eit anlegg som ikkje eingong skaffar arbeidsplassar til kommunen, eller til eigarinteresser som ikkje høyrer til her. Både landsida og strandsona vert dessutan øydelagt for framtidig etablering. Lat området ligge som det er; i framtida blir truleg slike kyststriper endå viktigare enn dei er i dag. Meir miljøvennlege alternativ kan melde seg.

Eit tungt argument for å gå mot dette store oppdrettsanlegget, er omsynet til alle dei som har etablert seg med hus og heim eller hytte, naust og sjøbuder. Både økonomisk verdi og bruksverdi vil gå ned på grunn av auka støy, auka trafikk og omfattande

avsperringar. I protestbrev til Hareid kommune av 21.6 2005 skreiv Anders Riise mellom anna dette: «Utifrå dette vil Olebuda Eigedom AS varsle at både tiltakshavar og godkjennande myndigheit vil bli holdt rettsleg ansvarleg og erstatningspliktig for dei tap som Olebuda AS evt måtte lide ved etablering av oppdrettsanlegget ved vår eigedom. Det er vår klare vurdering at eit oppdrettsanleg i dette omfang vil medføre eit verditap på vår eigedom».

Oppdrettsnæringa slit med omdømmet sitt. Fisk rømmer frå merdene, det er mykje sjukdom, lakselus og forureining. For å nemne noko. På den bakgrunn er det oppsiktsvekkjande at SalMar Organic AS med opne auge søker konfrontasjon med bygdefolket i Brandal og ikkje plasserer anlegget utanfor tettbygde strøk.

Er det tenkjeleg at Hareid kommunestyre seier ja til søknaden frå SalMar Organic AS? Eg veit ikkje kva eg skal tru. Men eg minnest Riise sin konklusjon i protestbrevet frå 2005: «Etablering av oppdrettsanlegg Korsneset Sjø må avvisast». Eg set mi von til at dei folkevalde gjer det same i vår sak som dei gjorde med planane om oppdrett i Hareid sentrum: røystar planane ned.

Finn Sindre Eliassen.
Brandal